



Sel kommune SAKSUTREDNING

Arkivsak: 2010/261-3
Arkiv: B41
Saksbehandler: Ola Hage
Dato: 04.04.2011

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
	Driftsutvalget	11.04.2011

Godkjenning av vedtekter for kommunalt foreldreutval (KFU)

Vedlegg:

Framlegg til vedtekter for kommunalt foreldreutval

Andre saksdokumenter (ikke vedlagt):

Uttale frå FAU ved skulane.

Referat frå møte med FAU-representantar 07.03.2011.

Saksutredning

I "Skuleplan for 2009 – 2013" står det i handlingsplanen at kommunalsjefen i samarbeid med rektorane og FAU i løpet av 2010 skal vurdere om det er interesse og behov for eit kommunalt foreldreutval (KFU). Arbeidet med å lage framlegg til vedtekter for eit KFU i Sel vart starta opp i 2010. I møte 07.03.2011 vart framlegget lagt fram for 2 representantar frå FAU ved kvar skule. I tillegg til FAU-representantane deltok rektor ved Heidal skule og ped.rådgjever på møtet.

Det vart bestemt slik behandlingssmåte for framlegget til vedtekter:

- 1. Vedtektene blir behandla i FAU på den enkelte skulen. FAU sender uttale/merknader til Sel kommune v/ Ola Hage. Frist: Fredag 1. april 2011.*
- 1. Det blir lagt fram sak om godkjenning vedtektene i Driftsutvalet i møte 11.04.2011.*
- 2. FAU vel representantar meg vararepresentantar til .KFU som har konstituerande møte 14.04.2011.*

FAU ved dei enkelte skulane bør m.a. ta opp denne problemstillinga:

- Korleis kan ein sikre at ikkje alle KFU-representantane blir skifta ut kvart år?*

Framlegget til vedtekter har vorte behandla i FAU ved alle skulane. FAU ved Otta ungdomsskule hadde denne merknaden til vedtektene:

"Pkt. 2 ORGANISERING AV KFU/VALORDNING

Utvalet (KFU) skal vera samansett av 2 representantar frå skulane i kommunen. Representantane blir valde for eitt år om gongen på siste foreldremøte

Som vi drøftet på møtet og som det framgår av referatet er det viktig å sikre kontinuitet i KFU. Vi har derfor forslag om endring i forskriftene slik at vi ved konstituering velger en representant for ett år og en for 2 år. Seinere velges representantene for to år slik at vi alltid har en "erfaren" representant i utvalget fra den enkelte skole.

Utover dette har vi ikke innspill eller merknader til de foreslåtte vedtektene.”

Ut over dette kom det ikkje vesentlege merknader til framlegget til vedtekter. Uttalene frå FAU ved skulane ligg på saka.

Vurdering

Administrasjonssjefen meiner at eit kommunalt foreldreutval vil styrke foreldresamarbeidet ved skulane i kommunen, og at det vil bli eit nyttig, rådgjevande organ for driftsutvalet og administrasjonssjefen. Framlegget til vedtekter vil tene som ei god rettesnor for arbeidet i KFU.

Administrasjonssjefen vil rå til at vedtektene blir godkjent, og at merknadene frå FAU ved Otta ungdomsskole blir innarbeidd i vedtektene.

Administrasjonssjefens forslag til vedtak/innstilling:

Driftsutvalet godkjenner vedtekter for kommunalt foreldreutval (KFU) for grunnskulane i Sel. Merknadene frå FAU ved Otta ungdomsskole blir innarbeidd i vedtektene.